# Kontortider

Vi har fast kontortid:

kvar måndag og torsdag kl. 19.00 - 21.00.

Huset leiger vi ut til ulike arrangement, som f.eks brudlaup, konfirmasjon, årsmøter, fagmøter mm. I tillegg leiger vi ut bord og stolar til privat bruk.

Kontakt oss på tlf. 43 08 08, eller kom innom i kontortida.

Når vi leiger ut huset til brudlaup og andre arrangement med servering, kan vi skaffa folk til koking og servering.
Vi kan og ta opp videofilm!

Kontaktperson for husstyret:
formann Steinar Skretting, tlf.: 43 03 43

kasserer Kjetil Skrettingland, tlf.: 43 08 79
adresse: Ringveien 18, 4360 VARHAUG

# Velkomen til Misjonshuset !



# VARHAUG MISJONSHUS




MELDINGSBLAD HAUSTEN 1993

5. årgan

## Føremålet

Føremålet med huset er:
*Ved bruk av dei nådemiddel som er gitt oss i Guds ord å fremja Gudsrikets vekst i bygda, samt senda evangeliet ut på misjonsmarkene. Alt på Bibelen og den lutherske vedkjenninga sin grunn, og etter dei retningsliner som dei fire hovedorganisasjonene arbeider etter.* (Frå §2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

## Eigarar av huset

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovedorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband
Formann:
Holger Kjølvik, tlf.: 51 430209

Det Norske Misjonsselskap
Formann:
Kristian Skrettingland, tlf.: 51 430710

Ryfylke og Jæren Indremisjon
Formann:
Per-Arvid Jakobsen, tlf.: 51 430082

Vestlandske Varhaug
Formann:
Lars Jan Nord-Varhaug,
tlf.: 51 431002

## INNHALD
## HAUSTEN 1993


**3.** Andakt
**5.** Frå styret
**7.** Brev
**11.** Spiren-gruppene
NYTT
**12. - 13.** "MIDT-SIDENE"
**14. - 15.** Varhaug kr. ungd.l.
**19.** framhald "brev"
**23.** Tankar
frå utflytta Varhaugsfamilie



Layout: Tekst & Idé, Madla
Trykk: Jærinfo, Bryne



**HÅ REGNSKAP OG DATA A/S**
Rådhusgt. 2, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 04 77
Mobil.: 060 72776 (28.10: 94 67 27 76)
**RUNE ODLAND** daglig leder
Privatadr.: Kråkev. 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 06 20




# ANDAKT:

### *FOR DI EIGA SKULD*

På veg heim ein sundagskveld for ei tid sidan vart eg stansa opp i trafikkontroll. Det var biltilsynet som var ute på sin "Aksjon mot helgeulukker". Eg må innrømme at eg vart ikkje særleg glad for å bli stansa opp på den måten. Det kjendest ikkje særleg freistande å bli ståande medan lys, bremser, styring, dekk, vognkort og førarkort skulle sjekkast. Til slutt fekk eg endeleg køyre vidare. I det eg skulle starte opp, fekk eg med meg ein informasjonsfaldar.
Innhaldet i denne faldaren fekk meg til å tenkje. "Det er for di eiga skuld at vi har stansa deg i trafikkontroll", "Bilen din kan vere ei dødsfelle utan at du er klar over det", og "Kvar einaste dag kræsjar førarar fordi bilen er i dårleg forfatning".

Resten av denne turen, og mange gonger seinare har eg tenkt på denne setninga; "Det er for di eiga skuld at vi har stansa deg i trafikkontroll!. Det minner meg slik om korleis eg har lært Gud å kjenne. Dette har nemleg mykje felles med det å vere kristen. Skal du og eg få kontakt med himmelens Gud, er vi heilt avhengige av at det er Han som stansar oss opp, finn oss. Dersom vi skulle funne vegen til Han, eller ordna opp i tilhøvet vårt til Han, hadde det sett mørkt ut for oss.
Eg er så glad for at heile Bibelen syner oss ein Gud og Frelsar som er oppteken av å stansa menneske opp, trekkje dei til side for at dei skal koma inn i eit rett forhold til Han. Idag er det oss, deg og meg, dette gjeld. Enno idag vil Jesus stansa oss opp.
Det å bli stansa i Guds "kontroll" kjennest ikkje særleg godt. Lyskastaren frå himmelen avslører alle feil og manglar ved oss; det er ikkje mogleg å reparere, kondemnering ser ut til å vere einaste alternativet...
Her er det underet møter oss. Gud stansar oss for å gje oss noko nytt, noko som Han står føre; tilgjeving og nytt liv. Hans mål for livet vårt, er å få oss over i eit "trafikksikkert" køyretøy, forlating for syndene for Jesu skuld.

Vi står no framføre ein ny haust, mange møter er planlagde, og møteveker skal arrangerast. For eit fint perspektiv over dette arbeidet; det er Gud som kallar oss til eit møte med seg. Tenk dette gjeld deg og! "Kom, lat oss gjera opp vår sak! seier Herren. Om syndene dykkar er som purpur, skal dei verta kvite som snø, om dei er raude som skarlak, skal dei verta kvite som ull". Jes. 1,18.

*Aud Karin Kjølvik*

SI.BYGG A/S
SKRETTING & INGEBRETHSEN

MESTERHUS

Ole Kr. Ingebrethsen
Byggmester - Selger
Mobil: [060-79819] 94 67 98 19
Tlf. kontor: 51 43 04 95

Ståle Skretting
Byggmester - Prosjektansvarlig
Mobil [090-41377] 94 54 13 77
P.søk. [097-51641] 96 75 16 41



**Tlf. og fax: 51 43 04 95**
Rådhusgt. 2 - 4360 Varhaug
Tradisjon i solid håndverk

SR-BANK
**Best når det gjelder!**

Varhaug Handelslag




# HELSING FRÅ STYRET

## NYTT FRÅ STYRET

Om sommaren plar det meste av verksemda på misjonshuset ha ferie. Dagsenteret har likevel hatt drift heile sommaren, og held fram utover hausten og vinteren. Kontoret har hatt ope heile sommaren. Huset har vorte reingjort grundig både utvendig og innvendig.

## Basaren

Misjonshusbasaren vert i år 24. - 25. september, og loddsalget startar måndag 13. september. Også i år vert det mange fine gevinstar, og me vonar at bygdafolket tek godt imot loddselgjarane når dei kjem på husbesøk.

## Heis

Etter alle dei problema vi har hatt med heisen til misjonshuset, ser det no ut til å vera i orden. Søknad om bygging ligg hos bygningsrådet, og heisen er no endeleg godkjend. Når det vert byggjestart, vonar me at mange seier seg villege til dugnadshjelp, både med arbeid og matservering.

## Konfirmasjon

Dei som ynskjer å leiga misjonshuset til konfirmasjonar, må melda si interesse innan 1. oktober året før konfirmasjonen. Dei som då har meldt seg, vil få leiga huset etter loddtrekning.

## Kva skjer i Misjonshuset?

Den beste måten å fylgja med i kva som skjer på Misjonshuset, er å sjå etter oppslag i "ramen" v/Varhaug Handelslag, og i Kyrkjelydsbladet. Det er og ei tavle i gangen på Misjonshuset.


**TULLIN REE & SØNNER**
**PUKKVERK OG TRANSPORTFORRETNING**
Telefon Tegle (04) 42 36 88 — Lode (04) 43 46 79
Mobil 090 - 72 514
Time Sparebank 05.00535
***Alt i sand, singel og grus***

**R. Skretting**
SLAKTERFORRETNING
Telefon (51) 43 02 16
Bankgiro 3335.05.20363

**Bohus**
**STUELAND**
**SANDNES:** VÅGSGT. 7, VIS A VIS SVEN KVIA BILFORRETNING. TLF. 66 55 50
**VARHAUG:**TLF. 43 00 77
**EGERSUND:** BØESENTERET. TLF. 49 00 11

ESSO
*Terje N. Gya*
DISEL - FYRINGSOLJE - PARAFIN
Meisvegen 4
4360 VARHAUG
Tlf. (51) 43 06 51
Mobil 090 73 796



# BREV

Ecuador, 15. august 1993



Kjære venner!

Takk for forbøn! Det er godt å vita at misjonsfolket står bak meg i bøn! Og det merkest i det daglege at eg er omgitt av forbøn!

Eg har no vore i Ecuador i to år, og eg er veldig takknemleg over å vera her. Det er her Gud vil ha meg på det noverande tidspunktet.

Eg er tilsett av Den norske Santalmisjonen. Misjonen driv forskjellig arbeid her. Saman med ein amerikansk luthersk organisasjon har vi teologisk opplæring av medlemmene av dei lutherske menighetane rundt om i landet. Bibelinstituttet i Paute er ein viktig del av dette arbeidet. Der blir det arrangert kurs på 4 ulike nivå. Og elevane kjem frå ulike deler av landet. Elles reiser nokre av misjonærane rundt til dei ulike lutherske menighetane rundt i landet og held kurs der.

Det meste av arbeidet i Santalmisjonen blir drive i Canjar. Vi har menighetsbyggjande arbeid, både blant dei quichuatalande indianarane og dei spansktalande mestisane. Elles er det ulike prosjekt, som prosjekt for landsbyutvikling, helsearbeid, og ein radiostasjon som har sendingar på spansk og quichua.

Mitt arbeid er tilknytta Den norske skulen i Cuenca, den 3. største byen i Ecuador, og med eit innbyggjartal på mellom 200 000 og 300 000. Eg arbeider som spesialpedagog, og har ansvaret for ei 6 år gammal jente med Downs Syndron. I tillegg til dette har eg barne-

*Framhald side 19*

VARHAUG
DAMEFRISØR

Brit Jane Varhaug
EINERVEGEN 3
Tlf.: 43 07 57

A/S JÆRENTREPRENØR

Salg og montasje av betongelementer

NYTT GJØDSELLAGER?
SPØR OSS!

Tlf.: 51 43 06 44

Nedrebø Maskin as
Graving • Asfaltering • Transport
Telefoner: 42 37 70 - Privat 42 36 97 - Mobil (090) 75 468
Njå, 4340 Bryne
Autorisert Entreprenør kl. D1



- en god kontakt på Jæren

Aanestad Elektro as
Tlf. (51) 43 75 33 - Vakt 060-73736

Gjertrud Damefrisør

Pileveien 2
Tlf.: 51 43 02 87


VI HAR 45 000
PRODUKSJONSAPPARAT
Rogalandsmeieriet TINE

SKAL DU GRAVE?
KONTAKT
ERLING AUESTAD
MASKINENTREPRENØR

Alt innen graving
Tlf 51 43 08 78 - VARHAUG
Mobil tlf.: 090 77 079

*Utleie av tilhenger og skiboks*

STATOIL

*Statoil Service Varhaug*

*4360 Varhaug*

Tlf.: 51 43 03 15

ODLAND A/S

4360 Varhaug

Tlf 51 43 09 59 — 090 47 444

**Forskaling og støyping**
**Betong- og trearbeid**
**Salg og montering av element**
**Armering — Tegning**

**Byggmester**

**TRON STOKKELAND**

**Alt i nybygg og reparasjoner.**
**Tlf.: 51 43 00 17 Mobil: 090 77 130**



# SPIRENGRUPPENE 93/94

*Velkommen til haustsemesteret!*

Samlingar på desse torsdagane:

26. aug., 9. sept., 23. sept., 7. okt., 21. okt, 4. nov., 2. des.

1. klasse hos Venke Håland, Dublandsvn. 17

2. klasse på Misjonshuset

3. klasse på Misjonshuset

Blandingsgruppe hos Eli Ege Odland, Odland
Blandingsgruppe hos Karin Lerbrekk, Dysjalandsvn.
Blandingsgrupppe hos Bjørg Toft Eriksen, Klokkarmarkå

Førskulegruppe hos Torunn Lerbrekk, Meisevn. 9
Førskulegruppe hos Toril Å. Reime, Skreddarvn. 25

**MANDAGSTREFFET**
har skiftet dag til tirsdag. Har nå fått nytt navn: "HUMLEBØLET".

Følgende dager, kl 10 - 12:
31. aug.,
14. sept., 28. sept.,
12. okt., 26. okt.,
9. nov., 23. nov.,
juleavslutning 7. des.

TEPPE- OG TAPETSENTERET PÅ VARHAUG OG VIGRESTAD

**Halvorsen's fargehandel**

4360 Varhaug — Tlf. 43 05 97
4362 Vigrestad — Tlf. 43 73 89

# SIDENE FOR DEG - MELLOM 1 OG 101 ⇒

„NO ER HUNDRE OG EITT UTE," SA KJERRINGA, HO FYLDE HUNDRE OG TO!

## HAR DU GLØYMT DET?



HAR DU GLØYMT Å TAKKA?
DET ER SÅ SKREKKELEG VANSKELEG Å HUGSA PÅ! VEIT DU - I SOMMAR VAR EG PÅ FERIE I ROMANIA, OG DER VAR DET SÅ MANGE FILLETE, SKITNE OG SVOLTNE BORN. DEI SPRANG RUNDT OG TIGGA ETTER PENGAR OG MAT HEILE DAGEN!
JAU, DU MÅ HUGSA Å TAKKA FOR AT DU BUR I NORGE, OG AT DU HAR DET SÅ GODT!

Helsing Gudbjørg

TRENG DU NOKON Å SNAKKA MED?

## LAG EIN TELEFON!



DU TRENG:
TO HALVE DORULL-HYLSER.
MATPAPIR I ENDEN AV DEI.
TRÅD IMELLOM - FESTA MED EI HALV FYRSTIKKE.
HALD TRÅDEN STRAMT.
FINN NOKON Å SNAKKA MED
KOS DYKK!!



## ENKEL BØNN:

Jesus, lat oss deg få sjå.
Send din Ånd til store, små.
Lær oss dine vegar gå, oss du alltid passe må.
AMEN



## VEIT DU?

---AT DU KAN RINGJA TIL JESUS? DÅ BRUKAR DU „BØNNENS TELEFON". DU BERRE FOLDAR HENDENE DINE OG SEIER: „KJÆRE JESUS" ELLER „HALLO, JESUS!", OG SÅ KAN DU SNAKKA MED HAN OM KVA DU VIL!
BERRE PRØV!





## KVA STÅR DET HER?

FARGELEGG ALLE BOKSTAVANE SOM HAR STREKAR PÅ SKRÅ!
SVAR:

## BLAD:



DESSE BLADA KJEM FRÅ TRE ULIKE TRE. FARGELEGG OMRISSET AV KVART BLAD MED ULIK FARGE.
KVA FOR NOKRE BLAD SER DU NO?

HA DET GODT!

## SKRØNE-KRÅNÅ

-VEIT DU KVA ESELET SA FØRSTE GONGEN DET SÅG EIN SEBRA?
-NEI.
-DET SA: EG VISSTE IKKJE AT NOKON I VÅR FAMILIE HADDE VORE I FENGSEL!

HAR DU HØYRT OM HAN SOM SETTE SYKKELEN SIN ATTMED SENGA FORDI HAN VAR SÅ TRØYTT AV Å GÅ I SØVNE?

HAR DU HØYRT OM MANNEN SOM FEKK SPARKEN I BANAN-FIRMAET? HAN KASTA ALLE BANANANE SOM VAR BØYGDE!

PER: HAR DU HOL I ØYRENE, NILS?
NILS: NEI DÅ.
PER: KORLEIS KAN DU HØYRA DÅ?

# Varhaug Kristelege Ungdomslag

Ungdomslaget på Varhaug holder til på ungdomsloftet på Misjonshuset. Hver fredag har ungdomslaget "åpent hus" fra kl. 20.00 til 23.00. Der kan man komme og gå som man vil. På disse samlingskveldene blir det solgt brus, chips og sjokolade, og det er muligheter for å spille bordtenneis og biljard. Det blir også holdt en kort andakt ca. midt på kvelden.

Utenom "åpent hus" har Ungdomslaget møte hver lørdag. Det blir holdt ulike arrangementer, som f.eks. Pizzakveld, Skjell-kveld, Filmkveld og Temakvelder. På arrangementene til ungdomslaget er det vanligvis ca. 100 deltakere. I spesielle anledninger kan det være mange flere.

HElgen fra 26. til 28. mars arrangerte Ungdomslaget en week-end til Tonstadli. På denne leiren var det ca. 80 deltakere, og Kjetil Halvorsen og Terje Bø var med som talere. Både på lørdagen og søndagen reiste leirdeltakerne til Sirdalen, hvor det var mulighet både for langrenn og slalåm.

17. mai hadde Ungdomslaget sin tradisjonelle fest på Holmavatn. Det var som vanlig helt fullt i matsalen. Erik T. Skretting var med og talte. Etter maten var det underholdning i dagligstua, og festen ble avsluttet med kaffe og kaker.
På Jonsok har Ungdomslaget som tradisjon å ha Jonsokfest hos Erik T. Skretting. Etter et møte som på grunn av dårlige værforhold ble holdt i maskinhuset til Erik T., ble det arrrangert sporlek og andre aktiviteter. Ungdomslaget solgte pølser og brus, og det ble også brent et stort bål. Været bedret seg også utover kvelden. *K.J.H.*


**ESPEDAL BLIKK**
4360 VARHAUG • TLF. (51) 43 07 17
Mobil 090 - 46 175




## SEMESTERPROGRAM - VÅREN 1993
# Varhaug Kr. Ungdomslag
Motto: Ungdom for Kristus

Kontaktperson for program: Leon Dyngeland, tlf.: 43 04 75

**SEPTEMBER**

| | |
|---|---|
| 10.-12.: | Bibelhelg - IM |
| 18. | Fest - DVI (koret syng) |
| 25. | Temakveld |

**OKTOBER**

| | |
|---|---|
| 2.: | Bil-rebus |
| 9.: | Ungdomsgudsteneste |
| 16.: | Matkomiteens kveld |
| 23.: | Overaskelseskveld |
| 30.: | Møteveke - NLM |

**NOVEMBER**

| | |
|---|---|
| 6.: | Ungdomsgudsteneste |
| 13.: | Møteveke IM |
| 20.: | Prosjektmøte.Spennandemat |
| 27.: | Fest på Holmavatn |

**DESEMBER**

| | |
|---|---|
| 4.: | Pølse m/stappe-kveld |
| 11.: | Temakveld |
| 18.: | Grøtfest |
| 29.: | Juletrefest |
| 31.: | Nyttårsfest |

Samlingskveld
hver fredag
på "loftet".

Bønnestund
før de fleste
arrangement kl 19.30
Se plakatene!

Du er hjertelig
velkommen på
møtene våre!


BYGGMESTER
Jon Harald Håland
MESTER
-fagkunnskap gir trygghet.
Adr: Kydlandsvegen 6 - 4360 Varhaug - Tlf. 43 07 70 - Priv. 43 05 03

MURMESTER
WALDELAND
& DUBLAND
TLF 430509 · 430020 4360 VARHAUG
- fagkunnskap gir trygghet.

Leif Arne Tjensvoll
Gulvlegger
Tepper og gulvbelegg.
Tlf.: 51 43 03 98 / Mobil: 060 12 794 (28.10: 94612794)

Betongelementer
til driftsbygninger, uthus, bolighus. m.m.
HÅ ELEMENT A·S
Postboks 120. 4360 Varhaug
Tlf 43 07 88 Priv. 42 04 39

SPESIALUTSTYR I BORING
Kjerneboring - Kiling - Betongsaging v/G. - Minigraver -m/meisleutstyr for fjøs og kjeller.
Traktorgraver - også m/meisleutstyr.
Skurtresking - Pressing - Ballevogn - Vakumvogn m.m.
EGIL HÅLAND
4360 Varhaug, Tlf. 43 04 94, Mobil 090 46 25 5



TIME SPAREBANK
VELG EIN BANK DU HAR TILLIT TIL!
* GUNSTIGE RENTEBETINGELSER
* GEBYRVENNLIG
* Ta kontakt med en av våre avdelinger.
Vi står gjerne til tjeneste!
Bryne 51 48 10 99
Kverneland 51 42 33 00
Undheim 51 48 44 73
Varhaug 51 43 11 24

Sentrum salongen
DAMEFRISØR
HERREFRISØR
ORIG. WOLFF SOLARIUM
Mølleveien 13 Telefon : 43 11 02

LOVISE'S FOTKLINIKK
Klokkerv. 12, 4360 Varhaug
Off. godkjent fotterapeut
medl. av N.F.F.
Behandlingstilbud:
– Alminnelig fotpleie
– Fjerning av torner/hard hud
– Vortebehandling(frysemetode)
– Nedgrodde negler
(reg. negler med bøylebeh.)
– Fotmassasje
– Salg av
helsesko, fotkremer m.m.
Timebestilling:
man.: 9 - 19, tirs.-ons.: 8 - 16
Tlf.: 51 43 05 08

Erik Håland
Maskin A/S
AUTORISERT
ENTREPRENØR
Graving
Transport
Kloakkarv. 12
4360 Varhaug
Telefon
51 43 05 08
Mobiltelefoner
(090) 75 446 - 44 505 - 44 402



Velkommen til
**Liv Karin's HÅRDESIGN**
FOR DAMER
OG HERRER

Innehaver
Liv Karin Tjensvoll
Aut. hårolog
Skulegaten 11, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 10 18

**HÅBYGG a.s**

Avd. Varhaug: Tlf.: 51 43 11 55 Telefax: 51 43 10 87
Avd. Nærbø: Tlf.: 51 43 22 02
Adresse: Dublandsveien 37, 4360 Varhaug - Bankgiro: 3335.05.22773

**HÅ RØR AS**
AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA
4360 VARHAUG




Svein Lobekk, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 09 99 Mobil.: 090 44 623 (28.10: 94544623)




## Framhald: "Brev"

hage for dei norske førskuleborna på feltet ein dag i veka. Så arbeidet mitt er i det norske miljøet. Eg er med i baktroppen som frigjer dei andre misjonærane som arbeider i det direkte misjonsarbeidet. Men alle er vi misjonærar og arbeider mot det same målet: At menneske skal få høyra om Jesus og bli frelste.

Ecuador er eit katolsk land. Kva er så vitsen med å driva misjon? På overflata er det katolsk, men under er det ofte ei blanding av katolisisme, overtru og avgudsdyrking. Dyrkinga av Jomfru Maria står veldig sterkt, det same gjer tilbedinga av helgenane. Det verkar som Jomfru Maria er viktigare enn Jesus. Jesus er å heilag at ein kan ikkje be direkte til han. Ein bed derfor Jomfru Maria gå i forbøn for seg. På eit skilt inn til ein av dei større byane her i landet står det: "Til Gud via Jesus, til Jesus via Jomfru Maria, til Jomfru Maria via rosenkransen". Dette er ganske betegnande for synet til folk flest.

Helgenane har og ei viktig rolle. Det er ofte store helgenprosesjonar i forbindelse med ulike religiøse festar. Og det betyr velsigning for folk å ta del i desse prosesjonane. Folk bed også helgenane om hjelp i ulike situasjonar. Det var nokså betegnande i forbindelse med rasulukka i Paute. Då blei ein helgenutgåve av Jomfru Maria brakt frå ein by i sør og til Cuenca, for å visa medkjensle med dei skadelidande i Paute.

Jesus blir ofte framstilt som det vesle, uskuldige Jesusbarnet, eller som den lidande Jesus. Den oppstandne og sigrande Jesus ser ein sjeldan. Folk har eit nærare forhold til Jomfru Maria enn til Jesus. Det personlege kristenlivet manglar. Rituala og tradisjonane er viktigare. Det er det som held folket oppe. Og derfor driv vi misjon. For at folk skal bli kjende med Jesus, og ta imot Han som sin Frelsar. For at dei skal få eit personleg kristenliv.

Og til dykk som bed: Be for menneska i Ecuador, og be for oss som misjonærar. At vi kan vera vitne for folk i kvardagen.

Eg vil helsa dykk med Joh. 15, 1 - 8.

Med helsing
*Kari Skrettingland*

BYGGMESTER

# Mindor Skretting

Dublandsveien 13, 4360 VARHAUG

Telefon 51 43 01 27 Mobiltlf.: 094 77885 (28.10: 94177885)

---

## Varhaug Servicenter

**Øvestad og Gya**

**Tlf. (51) 43 02 33**

**4360 Varhaug**

ESSO

---

# Auestad A/S

**4360 VARHAUG**

---

## Ole G

**Nord Varhaug & Co a.s**

Dublandsv., 4360 Varhaug

Tlf. 43 02 44

- STÅLKONSTRUKSJONER
- SVEISING
- MASKINERING



BLOMSTER OG GAVER TIL ALLE ANLEDNINGER

- Dekorasjonar
- Bukettar
- Kransar/båredekorasjonar
- Brudebukettar
- Grønne og blomstrande planter

*Liljekonvallen*

4360 Varhaug

*Tlf.: 51 43 12 72*

STORT UTVALG I TØRKA BLOMSTER OG TØRKA DEKORASJONAR

---

**SLÅING, PAKKING OG PRESSING**

**av høy, gras og halm**

**Kristian Aarsland**

060 72 377 51 43 26 01

(28.10: 94672377)

---

# TRYGVE HÅLAND

**Transport og spreiing av skjellsand**
**Boring og spengning**
**Låvetørka høy**
**Krossing av korn**

Tlf.: 51 43 08 47 / Mobil: 090 42 612 (28.10: 94542612)

---

# ARNE PRIMSTAD

4360 VARHAUG - Tlf.: 51 43 05 14

Mobil: 090 47 068 (28.10: 94547068)

**Belegningsstein - Hagearbeid**

Natursteinmuring - Asfaltering - Håndgraving - Plantebeskjæring

Minigraver - Minicontainere - Comp.-laster - Transport

**Jæren Landbrukssenter a-s**
4360 Varhaug. Tlf. (51) 430175 - 430472

**JÆREN AUTO AS**
Import og salg av Biler og Bildeler - Bilverksted - Bilrekvisita
4360 VARHAUG - Tlf. 43 04 22 - Telefax 43 07 73
GODKJENT AV BILTILSYNET

FK
**Kvalitetsmerket for gardsdrifta**
Felleskjøpet
Avd. Varhaug
Tlf.: 51430022
omkvelden:
Nils Husveg Tlf.: 51430978
mobil: 09076009 (28.10: 94576009)
Joar Skretting Tlf.: 51430832
mobil: 09076017 (28.10: 94576017)
VALMET
JOHN DEERE
ISEKI

**I NNBRUDDSSIKRING**
med F.G. godkjente låser. Reparasjon av dører og vinduer
- alt i beslag - låssystemer - dørlukkere - garasjeportåpnere
levering og montering.
**RING:** Tlf.: 51 43 06 19
Mobil: 090 44361 (28.10: 94544361)
Audun Sleire
ROGALAND LÅS BESLAG SERVICE



## TANKAR FRÅ EIN UTFLYTTA VARHAUGSFAMILIE

*Hallo og takk for sist.*

*No er familien samla i Kaldfjord ved Tromsø igjen, etter å ha tilbrakt sommarferien heime hjå far og mor. Det var ein flott ferie, med bl.a. besøk, makrellfiske og gardsarbeid.*
*Då spørsmålet kom om å skriva ei helsing til Misjonshusbladet, måtte eg tenkja bakover i tid.*
*Opplevinga av kristenlivet heime, trur eg ikkje kan verdsetjast høgt nok. Både misjonslivet og kyrkjelivet seg sine spor i ein, bevisst eller ubevisst. Eg ser for meg storsalen + lillesalen + sidesalen full av folk, der dei sit og lyttar til det talte ord, og deltek med song til Guds ære.*
*Men eg hugsar også at det kunne vera ganske få tilstades i lillesalen, på dei såkalla "småmøtene". Her kunne den eine etter den andre avleggja sitt vitnesbyrd. Og desse vitnesbyrda har kanskje gjort mest inntrykk på meg. Vi kunne høyre om lovsongen til Gud, klagen til Gud, problemer, synder, tvil og takk. - Eg hugsar at eg kjende meg godt igjen i det som vart fortald og vitna.*

*No bur me utanfor Tromsø, og me trivst godt her alle saman. Brit Jorunn har fast arbeid på sjukehuset i Tromsø. Ellen og Tordis har byrja i 5. og 4. klasse. Lise vert 6 år i år, og Oddveig vert 2 i februar 1994.*
*Vi har hatt besøk heimafrå fleire gonger, og det har vore kjempe.*

*Helsing fam. Tarald Varhaug*

Konfeksjonsforretning og auksjoner:
**I.T. UELAND STORMAGASIN**
Varhaug - tlf. 51 43 07 77
Dame- og herrekonfeksjon
STOR SOM SMÅ
ALLE SKAL FÅ
KLÆR SOM SITTER KJEMPEGODT PÅ